



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato  
20.04.2017  
Dykkar dato  
04.04.2017

Vår referanse  
2017/4675 421.3  
Dykkar referanse  
16/2962

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Uttale søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bustad på gnr. 24 bnr. 7 på Langeland, Meland

Vi viser til kommunen si oversending i saka datert 02.05.17.

Saka gjeld søknad til generasjonsbustad/kårhus på gnr. 24 bnr. 7 på Langeland. Søknaden krev dispensasjon frå LNF-føremålet og storleikskrav for bustad i føresegn 1.6.14. I oversendinga frå kommunen er det ikkje tatt konkret stilling til dispensasjonsspørsmålet.

Grunnen til at kårhuset krev dispensasjonsbehandling krev dispensasjonsbehandling frå LNF-føremålet, er at bruket er for lite til at det opnar for hus nr. 2 etter jordlova.

Det er fleire forhold med søknaden som gjer at Fylkesmannen vil **rå i frå** at dispensasjonar blir gitt:

- Kommunen må prioritere allereie regulerte bustadområde i staden for spreidde bustader innanfor LNF-føremålet. Nær opp til omsøkt eigedom er det eit regulert bustadområde. Nye bustader bør difor leggest til dette bustadområde, og ikkje til LNF-områda.
- Omsøkt bustaden er lagt veldig nær dagens bustad på eigedomen. Dette vil kunne føre til ulemper for drift av eigedomen.
- Bustaden er gitt eit stort bygningsvolum som går vesentleg utover kommuneplanføresegnene for bustader innanfor LNF-føremålet. Det er viktig at kommunen følgjer opp denne kommuneplanføresegna, og legg til rette for bustader som kjem minst mogleg i konflikt med LNF-føremålet. Storleiken på bustaden gjer at den vil ha negativt innverknad på kulturlandskapet i området.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Morten Sageidet  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*